

## ÅRSMELDING FOR HARAM VENSTRE 2013

Syner til årsmelding for 2012 for kontinuiteten si skuld. Dei politiske føringane i førre årsmelding gjeld og for 2013 . Samarbeidet med dei andre partia i posisjon har vore godt. Sakeleg ueinig har vi vore mest i alkoholpolitikken.

Det må nemnast at Christian Holstad Lilleng har flytta til Ålesund , og har difor ikkje prega arbeidet i Haram Venstre som vi vona i fjar. Formannen tok over kasserarjobben etter Holstad Lilleng 01.06.13.

Gruppeleiar Kristian Stråmyr har laga eit oversyn på nettstaden vår med bilete av dei viktigaste hendingane for lokalpartiet i Haram i 2013. Dette er sendt ut til medlemene, og eg syner til det fine arbeidet han har gjort der.

Kristian Stråmyr tok opp i kommunestyret parkeringstilhøva ved Hildre kyrkje. Dette har resultert i ei investering på 3,5 millionar kroner i årets investeringsbudsjett . Tilleggsopplysning kan vere at underteikna var på Venstre sitt landsmøte 29-30.10. i Oslo . Dette var tydeleg prega av det gode stortingsvalresultatet.

Haram Venstre bidrog saman med andre til at Møre og Romsdal fekk inn Pål Farstad på Stortinget. Det er og blitt lagt merke til at vi dobla stemmetalet frå 2 år tidlegare.

2013 var eit aktivt år for lokallaget. Styremøte har vi hatt ca. kvar 6 . veke . Formannen har vore med i dei fleste formannskapsmøta, ettersom Høgre stort sett har hatt eit forfall. Stråmyr har vikariert for underteikna i kommunestyret 4 gonger og Tomas Vadset 1 gong .

Venstre på landsplan har som mål å få 10 000 betalande medlemer i 2014. Vi har ikkje pr. dato hatt purringar på medlemslista vår , men skal prøve på det i år.

Ole Johan Høyberg  
*Leiar Haram Venstre*